

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/25	Formannskapet	05.06.2025
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Knut Fredrik Øi

Arkiv:

K2-K40

Arkivsaksnr.:

25/414 - 10

Søknad om bestandsplan for hjort, elg og rådyr - Årdal bestandsplanområde 2025-27

Saka gjeld

Årdal bestandsplanområde søker om ny bestandsplan for hjort, elg og rådyr i perioden 2025-27. I tillegg vert det søkt om 35 000 kr i årleg støtte til drift av bestandsplanområdet i planperioden.

Bakgrunn

Bestandsplanen for hjort, elg og rådyr i perioden 2022-24 er over. Ny plan for perioden 2025-27 er vedteke av årsmøtet til Årdal bestandsplanområde, og sendt inn til handsaming i Årdal kommune. Slike planar vert normalt handsama politisk i Årdal kommune, mens tildelingar av fellingsløyve og valdsakar vert handsama administrativt.

Omsynet til førebygging av eventuell smittespreiing av skrantesjuke (CWD) er framleis premissleverandør for områda kring Nordfjella og Hardangervidda. Årdal kommune tilhøyrar den sokalla «Nordfjella-regionen» som er bedne om å halda låg tettleik av hjort og elg.

Nordfjella er framleis i det som vert kalla «brakkleggingsperioden». I denne tida skal det ikkje vera villrein og minst mogleg anna hjortevilt i området for å unngå smittespreiing. Målet er at det i november 2025 skal leggjast fram ein plan for reetablering av villrein i Nordfjella.

Drøfting

Drøftinga vert i det fylgjande delt opp etter art, først elg, so rådyr og hjort. Deretter kjem ei vurdering etter Naturmangfoldlova.

Elg

Tidelte fellingsløyve på elg har vore relativt stabilt dei siste 15 åra. På 90-talet var kvota høgare, og det vart felt om lag 10 elg i Årdal kommune. Fellingane av elg har vore låge i ei periode no, og ingen elg vart felt i 2024. Bestandsplanen omtalar dette, og det er ein viss uro å spora knytt til elgbestanden i Årdal. Standpunktet til årsmøtet i Årdal bestandsplanområde er å halda på same kvotenivå i planperioden for 2025-27, men at valda sjølve tek ansvar og ikkje feller produksjonsdyr på kvota. Om utviklinga i elgstamma held fram, kan det vera naturleg å vurdera ei freding av elgstamma i neste planperiode. Det er ein nedgang i felte elg

også i Vang kommune. Det same gjeld Lærdal. Tilgrensande område i Luster kommune (Utladalen) har ikkje felt elg dei siste 6 åra. Det har sida skrantesjuka vart påvist også vore eit fokus på å fella meir elg kring Nordfjella. Om signala frå styresmaktene knytt til bestandstettleik endrar seg, kan ein jobba meir målretta mot å auka elgstamma framover. Truleg bør ein oppretta dialog med nabokommunane for å tenkja høgt på kva ein skal gje med elgstamma i området.

Rådyr

Det vart opna for rådyrjakt i Årdal kommune i 2019. Kvota vart meir enn dobla til 29 årlege løyve i 2022. Fellingstala har likevel ikkje endra seg som følgje av dette. I 2024 vart det kunn felt 3 rådyr i kommunen. Det er påvist gaupe i områda våre dei siste åra, og dette påverkar truleg rådyrbestanden. I 2024 vart det forskriftsfesta minstearealet for rådyr sett ned til 3500 daa, og ein kan då teoretisk auka løvvemengda ytterlegare. I omsøkt bestandsplan vert det lagt opp til same tildeling som førre planperiode, altså eit løyve per 3750 daa teljande areal. Rådyra har ein stor reproduksjonsrate, og bestandstilhøva kan endra seg relativt raskt.

Treårige planar vil truleg vera egna til å justera seg inn etter som ein ser endringar i bestanden, anten vekst eller at gaupa eller snørike vintre gjer innhogg i bestanden. Det er meldt inn bekymring om mykje flått i hagar i Seimsdalen, som godt kan koma inn med nærgåande individ av rådyr. Det er ønskjeleg at valda gjer forsøk på å fella dei mest nærgåande rådyra i desse områda. Saka vart diskutert på årsmøtet til bestandsplanområdet. Jaktrettshavarane og kommunal viltforvalting lyt jobba med temaet framover. Det er også oppretta dialog med kommunelegen knytt til problematikken kring flått og flåttborne sjukdommar.

Hjort

Hjorten har vore hovudbekymringa når det gjeld eventuell smittespreiing av skrantesjuke til andre artar enn reinen. Difor har også oppmodinga om å redusera bestandane av hjort kring Nordfjella og Hardangervidda vore tydeleg. Årdal har hatt reduksjon som mål i fleire planperiodar no. Sett-hjort-tala tydar på at ein ser mindre hjort, og målet om å sjå færre enn 0,3 hjort per jegertime er nådd. Dette trass i at omfanget av bruk av termisk optikk har auka vesentleg dei siste åra, og at hjorten difor kan vera lettare å oppdaga no enn før. I søknaden om ny bestandsplan er målet å halda seg under 0,3 sett-hjort per jegertime. Søkjer ønskjer å ha ein bestand som produserer 250 felte hjort årleg. Om ein redusert bestand i Årdal faktisk kan gje ein slik avkastning, er vanskeleg å seia. Høg andel kalv og ungdyr i fellingsane, som planlagt, vil i alle fall bidra til at fleire dyr kan, og må, fellast. Slik felling vil gje ein relativt sett lågare vinterbestand, men den vil bestå av ein høgare andel produksjonsdyr. Låg vinterbestand er positivt også i høve skadepress på landbruk og trafikkproblematikk.

Det er viktig at det i ein bestandsplan er konkrete mål for bestandsutviklinga målt i mengde dyr, men også kva bestanden skal bestå av. Erfaringa frå vestlandet er at hjortebestandane fort kan veksa seg store, og at det kan verta utfordringar også med kvaliteten på dyra (lågare slaktevekter, skeivt kjønnsforhold etc.). Omsøkt bestandsplan har definerte mål for kva bestanden skal bestå av, og verkemiddel for å prøva å nå desse. Generelt er inntrykket at hjorteforvaltninga no har vorte god i Årdal. Viltforvaltning er ikkje «absolutt vitskap» og ein må heile tida justera seg inn. Ein ikkje ubetydeleg måloppnåing i viltforvaltninga er difor nettopp godt grunneigarsamarbeid. Her fortener Årdal bestandsplanområde skryt for å samla alle jaktrettshavarane i kommunen og laga planar som faktisk vert følgt opp.

Vurdering etter Naturmangfoldlova (NML) §§ 8-12

Jamfør NML §7 så skal NML §§8 - 12 vurderast i saker som omhandlar naturgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget, jf. NML § 8 vurderast i saka om ny bestandsplan for hjortevilt i Årdal

som etter tilhøva god. Det vil alltid vera hull i kunnskapsgrunnlaget når det gjeld ville bestandar. Kommunedirektøren vurderer det likevel til å vera tilstrekkeleg kunnskap til å ha ein rimeleg oversikt over bestandstilhøva. Innsamling av data er på eit veldig godt nivå i Årdal kommune no, og har vore det i ein periode som er såpass lang at trendane kan sjåast i materialet. Endringane i bestanden, leid i indeksane, vert bruka som grunnlag for diskusjonane om status og planlagde tiltak. Såleis vert det forsøkt å nytta både data frå statistikken og inntrykk som er meir generelle. Dei etablerte systema for datainnsamling vil også framover vera sentrale for å vurdere effektane av tiltaka. Korleis termisk optikk påverkar indeksane er usikkert, men dette vert etter kvart «den nye normalen» og då ser ein truleg også korleis dette slår ut på indeksane. I den grad det er manglande oversikt over bestandsstorleik, er omsynet til dei moglege konsekvensane av spreiing av skrantesjuke viktige. Det er framleis slik at det er betre å redusera bestanden litt for mykje enn litt for lite, jamfør føre-var-prinsippet (NML §9). Sakshandsamar legg difor til grunn at målet om å fella 250 hjort årleg bør sjåast på som eit minimum også i denne planperioden. Det er andre område som er endå viktigare enn Årdal i høve smitteførebygging. Men bekjemping av skrantesjuke er ein dugnad som alle lyt vera med på. Også kartlegginga av eventuell smitteførekommst er sentralt i så måte. I Årdal er det god oppslutning kring prøvetakinga. Det er sida skrantesjuka vart påvist testa 721 hjortedyr i kommunen, alle har vore negative for skrantesjuke.

Når det gjeld økosystemtilnærming og samla belastning, jf. NML § 10, vurderast tilhøva slik at for hjort som art har det vore stor vekst i alle bestandane på vestlandet i mange 10-år. I Årdal har me eksempel på skadar på almetrær og såleis også det biologiske mangfaldet. Ein reduksjon av hjortebestanden vert ikkje vurderet som problematisk, kanskje heller ønskjeleg frå ein økologisk ståstad. Konsekvensane for økosystemet ved ei spreiing av skrantesjuke vil i alle fall vera stor. Ein redusert hjortebestand vil truleg også føra med seg eit lågare tal påkøyringar av hjort, samt over tid truleg også ein betring i kondisjonen til dyra.

NML §§ 11 (kostnadene ved miljøförringelse skal bæres av tiltakshaver) og 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder) vurderast som lite relevante i denne saka.

Økonomi

Årdal bestandsplanområde søker om årleg støtte frå viltfondet på 35 000 kr i planperioden. Inngåande saldo på viltfondet var 48 000 kr i 2024. Sakshandsamar har deretter ikkje nyare tal. Inntekta på viltfondet er primært fellingsavgiftene frå hjort og elg, ca 50-60 000 kr årleg. Utgiftene er i hovudsak støtte til drift av bestandsplanområdet og finansiering av offentlege ettersøk (trafikk). Årdal bestandsplanområde har fram til no fått årleg støtte på 25 000 kr, men har auka søknadssummen til 35 000 kr årleg. Dette er fyrst og fremst ein indeksregulering av tilskotssummen som har vore uendra i mange år.

Støtte til bestandsplanlegging og grunneigarsamarbeid er eit hovudføremål i Årdal kommune – retningslinjer for bruk av viltfondet. Med dei fellingstala som det vert lagt opp til bestandsplanen, skal det vera økonomisk dekning på viltfondet for å auka tilskotssummen til 35 000 kr årleg.

Juridisk vurdering

Forskrift om forvaltning av hjortevilt §15 stiller dei formelle krava til ein bestandsplan. Desse krava er i planen oppfylt. Bestandsplanen tek omsyn til dei offentlege måla, og inneheld ein avskytingsplan på tal og kategori. Planen syner i handlingsdelen ei fordeling av løyva til valda i bestandsplanområdet. Endeleg tildeling vil kunne avvika frå dette oppsettet, då endring av Eldegarden-valdet ikkje er handsama endå. Endringar av vald og tildeling av løyve skal vera klart til 15. juni.

Tilråding:

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §15 godkjenner Årdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort. Med etterhald om endringar av omsøkte vald, vert planen lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve for hjort i Årdal kommune i perioden 2025-2027.

1. Omsøkt plan for tildeling og avskyting av rådyr og elg i Årdal kommune vert lagt til grunn for årlege tildelingar av fellingsløyve på desse artane.
2. I medhald av Årdal kommune sine retningsliner for bruk av viltfondet punkt 3, løyver Årdal kommune årleg støtte til Årdal bestandsplanområde på kr 35 000 i perioden 2025-2027. Dette vert utbetalt etter framsyning av godkjend rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

05.06.2025 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap - 079/25 Vedtak

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §15 godkjenner Årdal kommune omsøkt bestandsplan for hjort. Med etterhald om endringar av omsøkte vald, vert planen lagt til grunn for tildeling av fellingsløyve for hjort i Årdal kommune i perioden 2025-2027.

1. Omsøkt plan for tildeling og avskyting av rådyr og elg i Årdal kommune vert lagt til grunn for årlege tildelingar av fellingsløyve på desse artane.
2. I medhald av Årdal kommune sine retningsliner for bruk av viltfondet punkt 3, løyver Årdal kommune årleg støtte til Årdal bestandsplanområde på kr 35 000 i perioden 2025-2027. Dette vert utbetalt etter framsyning av godkjend rekneskap.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR FOR

HJORTEVILT_2025_2027

BESTANDSPLAN FOR HJORT ÅRDAL KOMMUNE 2025-2027 Red etter årsmøte.VM

Søknad om stønad til drift, Årdal Bestandsplanområde 2025 - 2027

Søknad om godkjenning av ny bestandsplan for hjort, elg og rådyr 2025 - 2027

Årsmøtereferat Årdal Bestandsplanområde_07_04_25

GODKJENT REKNESKAP 24

2025 BUDSJETTFORSLAG_indeksregulert (1)